



Hardangerrådet iks



Hardanger

Til Representantane.

ÅRSMØTET 2017

I

HARDANGERRÅDET IKS

Dato: 30.03.2017

Stad: Hotel Ullensvang, Ullensvang herad

Tid: Klokka 13.00

Representantskapet er Årsmøte

Agenda:

Kl. 09.00 Regionrådsmøte

Kl. 12.00 Lunsj

Kl. 13.00 Årsmøte Hardangerrådet IKS

Innkallingsfristen er 4 veker. Til dette møtet er det sett opp årsmøtesaker etter Selskapsavtalen § 6. Sakspapira vert med dette sendt representantane.

Sakliste:

Konstituering:

\*Godkjenning av innkalling og agenda.

\*Val av møteleiar og to representantar til å skriva under møteboka.

Årsmøtesak 01/17

Årsmelding 2016 og Rekneskap 2016

(Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Årsmøtesak 02/17

Rammebudsjett 2017 og Økonomiplan 2018-2019.

(Årsmøtevedlegg 3)

Årsmøtesak 03/17

Arbeidsplan 2017/2018 (Årsmøtevedlegg 4)

Årsmøtesak 04/17

Val av rekneskapsfører og revisor for 2018

Årsmøtesak 05/17

Godtgjersle til styret for 2017

Årsmøtesak 06/17

Val av styre

Årsmøtesak 07/17

Innkomne saker

Andre saker til Årsmøtet 2017 må vera styret i hende innan 17.03.2017

Representantar som ikkje kan møta gir melding om dette til Trude L. Rinaldo i Hardangerrådet ( Tlf 53 67 14 50 ) og kallar sjølve inn vararepresentantar.

Ta kontakt med Jostein Eitrheim dersom det er spørsmål til innkalling eller dokument.

Kinsarvik 23.03.2017

Med fruktbar helsing Hardangerrådet iks

Jon Larsgard/s  
Rådsordfører

Jostein Eitrheim/s  
Dagleg leiar

Kopi av innkallinga til kommunane.

Vedlegg: Årsmøtepapir.



## Årsmøtesaker Hardangerrådet iks 30.3.2017

### Årsmøtesak 01/17 Årsmelding 2016 og Rekneskap 2016(Årsmøtevedlegg 1 og 2)

Styret skal leggja fram Årsmelding og Revidert rekneskap 2016 for Årsmøte i Representantskapet.

Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, (IHR) reviderer rekneskapen når han er underskriven av styret saman med Årsmeldinga. Dette vert lagt fram for Årsmøtet.

I denne saka ligg vedlagt framlegg til Årsmelding 2016 og Rekneskap 2016 frå styret.

Årsmeldinga 2016 oppsummerer både formelle fakta og eit utdrag av aktiviteten gjennom året. Her balanserer ein mellom omsyna til informasjon og omfang. Årsmeldinga viser stor aktivitet og breidde i aktiviteten for Hardangerrådet iks også i året 2016.

Prosjektaktiviteten er noko redusert samanlikna med tidlegare år og fleire store prosjekt er avslutta. Regionrådet gjorde i 2016 vedtak om at leigeavtalen for kunstnarbustaden i Berlin skulle forlengjast berre om alle 7 kommunane deltok. Dette kravet vart ikkje oppfylt og avtalen vart dermed avslutta for Hardangerrådet ved utgangen av 2016. Nyttårsbrevet og Årsmeldinga viser til noko endring frå prosjekt til dei fastare aktivitetane. Hardangerrådet iks spreier seg på mange tema, men så har også regionen utfordringar på mange område. I den kommunale kvardagskampen så viser det seg at regionen treng samordning politisk, i tenesteproduksjon og i næringsarbeidet. Året 2016 har i stor grad vore prega av kommunstrukturprosessen.

Rekneskapen 2016 for Hardangerrådet iks er sett opp etter rekneskapslova som vanleg.

Rekneskapen viser totalaktiviteten vår medrekna næringsfondet, kraftlinemidlane og prosjekt. Hardangerrådet iks held likviditet til drift av prosjekt mellom løpande utbetaling og løyving frå finansieringskjelder. Hardangerrådet iks har ein god eigenkapital i høve aktiviteten, opparbeidd sidan 2002, og overskot/underskot vert ført mot denne.

For 2016 har økonomirapporteringa til styret vore tertialvis. Styret har korrigert budsjett og økonomisk aktivitet i tråd med tertialmeldingane frå rekneskapsførarar. Hardangerrådet iks hadde i 2016 omsetning på om lag 4,5 mill. kr. inklusive Regionalt Regionalt Etablerarfond for Hardanger og Kraftlinefondet. Resultatrekneskapen for heile Hardangerrådet viser driftsresultat med overskot på kr 3.120.-

Resultatrekneskapen varierer frå år til år og vert regulert via eigenkapitalen i selskapet, som pr 31.12.16 er på 2.641.454,- medrekna bunden eigenkapital på 100.000 kr. Det er viktig for Hardangerrådet iks å ha god eigenkapital og likviditet for at ein tåler å driva prosjektarbeid. Prosjektaktivitet er nødvendig for utviklinga av Hardanger, er nyttig inntektskjelde for Hardangerrådet iks og buffer for Pensjonsansvaret til selskapet. Det rekneskapsmessige resultatet av Prosjekt 1 (kontordrifta i Hardangerrådet iks) i 2016 viser det same overskotet på kr 3.120,- avstemt for dei prosjekta som skal førast i balanse.

Hardangerrådet har ikkje avgiftspliktig salg, fordi omsetning er under 50.000. (Dette gjeld Merkevara Hardanger).

Hardangerrådet kjem inn under momskompensasjonsordninga, og i 2016 er refusjonen på kr 287.975,- i reduserte kostnader.

### **Framlegg til vedtak 01/17:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Årsmelding for Hardangerrådet iks 2016 vert vedteken slik den ligg føre
- b) Rekneskapen for Hardangerrådet iks 2016 vert vedteken slik den ligg føre.

### **Årsmøtesak 02/17                      Rammebudsjett 2017 og Økonomiplan 2018-2019. (Årsmøtevedlegg 3.)**

Systemet for budsjettering i Hardangerrådet iks er slik at Representantskapet gjer vedtak om eit rammebudsjett og ein 4 årleg økonomiplan på Årsmøtet. Rammebudsjettet er 1. året i Økonomiplanen. Spørsmålet om eit årleg detaljbudsjett er vanleg å delegera til styret som fastset det i eit møte før årsskiftet.

Framlegg til rammebudsjett 2017 er på nivå med 2016. Tilskotet frå kommunane dekkjer ikkje alle driftskostnadane i Hardangerrådet iks. Andre kostnader vert dekkja inn gjennom eigeninntening, hovudsakleg gjennom overhead frå prosjektarbeid. Tilskotet frå kommunane dekkjer om lag 75% av driftskostnadene i Hardangerrådet iks.

Økonomiplanen er bygd opp slik at den gjeld for dei 4 åra 2018 – 2021, inklusive rammebudsjett 2018 som første året i økonomiplanen. I økonomiplanen er det lagt inn framlegg om 5 % årleg auke av dei kommunale tilskota til drifta av Hardangerrådet iks frå 2016.

Med bakgrunn i kommune- og heradsstyrevedtak om endra kommunestruktur i Hardanger frå 01.01.2020 er det ikkje naturleg å sjå ein lengre tidshorisont enn 2019 mht budsjett basert på gjeldande Hardangerrådsnøkkel og gjeldande selskapsavtale. Eg føreslår derfor at økonomiplanperioden vert avgrensa til perioden 2018-2019 for vedteken økonomiplan basert på gjeldande føresetnader.

### **Framlegg til vedtak 02/17:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjera slikt vedtak:

- a) Økonomiplan 2018-2019 vert vedteken slik den ligg føre. Rammebudsjettet for 2018 vert godkjent lik første året i økonomiplanen 2018-2019.
- b) Styret får fullmakt til å vedta det årlege detaljbudsjettet med justeringar innanfor rammebudsjettet 2018.

### **Årsmøtesak 03/17                      Arbeidsplan 2017/2018 (Årsmøtevedlegg 4)**

I følgje vedtektene skal Årsmøtet vedta ein arbeidsplan for selskapet.

Arbeidsplanen 2017/2018 byggjer på den innarbeidde måten å setja opp Arbeidsplanen på. Tema som ikkje lenger treng arbeidast med er teke ut og tema som er aktuelle for åra 2017/2018 er tekne inn. Alle tema i arbeidsplanen er relaterte til dei godkjende strategiane som har stått fast sidan Hardangerrådet re-etablerte seg i 2001:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for meg, er godt for deg).
- Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

### **Framlegg til vedtak 03/17:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

Arbeidsplan for Hardangerrådet iks 2017/2018 vert vedteken slik han ligg føre. Årsmøtet delegerar til Representantskapet å godkjenna endringar i Arbeidsplanen dersom dette vert aktuelt.

### **Årsmøtesak 04/17 Val av rekneskapsfører og revisor for 2018**

Årsmøtet skal i følgje Selskapsavtalen velja rekneskapsfører og revisor kvart år. Hardanger Økonomiservice AS er valt til rekneskapsfører og Indre Hordaland Revisjonsdistrikt (IHR) er valt til revisor for 2017 for Hardangerrådet iks. Dette fungerer svært godt og styret tilrår nyval.

### **Framlegg til vedtak 04/17:**

Styret i Hardangerrådet iks tilrår Årsmøtet å gjer slikt vedtak:

- a) Indre Hordaland Revisjonsdistrikt vert valt til revisor for Hardangerrådet iks for 2018.
- b) Hardanger Økonomiservice AS vert vald til rekneskapsfører for Hardangerrådet iks 2018.

### **Årsmøtesak 05/17 Godtgjersle til styret for 2017**

Årsmøte 2016 gjorde slikt vedtak i Årsmøtesak 05/16:

Godtgjersle til styret i Hardangerrådet iks for 2016 vert:

Styreleiar 6.000 kr årleg pluss møtegodtgjersle som styremedlem

Styremedlemmer 2.000 kr pr. møte.

### **Framlegg til vedtak 05/17:**

Styret i Hardangerrådet iks har ikkje tilråding til Årsmøtet.

### **Årsmøtesak 06/17 Val av styre**

I følgje Lov om IKS § 10 skal Representantskapet velja styre og ifølgje Selskapsavtalen skal Årsmøtet velja funksjonane leiar og nestleiar. Det er 2 årige valperiodar og valet er for 2 og 1 av medlemmene annakvart år. Varamedlemmene er valde for eitt år om gongen. Styret skal innehalda begge kjønn og det skal også varalista ha. I 2012 vart det også bestemt at Rådsordførar er valnemnd.

På val i år er styremedlem John Skogseh samt at varamedlemmene som skal veljast kvart år. Likeeins styreleiar og nestleiar.

**Styret var i 2016 slik samansett:**

Toralv Mikkelsen, styreleiar og styremedlem for 2016/2018

Astrid Dale Vindal, styrenestleiar og styremedlem for 2016/2018

John Skogseth, styremedlem for 2015/2017


1. Varamedlem Astrid Selsvold for 2016/2017
2. Varamedlem Einar Lutro 2016/2017

**Framlegg til vedtak 06/17:**

Rådsordførar som valnemnd legg fram tilråding til Årsmøtet.

**Andre saker til Årsmøtet 2017 må vera styret i hende innan 16. mars 2017.**

# Årsmelding 2016



HARDANGERRÅDET IKS



## **Innhald:**

### **Innleiing - Oppsummering**

#### **Organisasjon**

- Generelt
- Strategiar
- Styret 2016
- Regionrådet/ Representantskapet 2015-2019
- Hardingtinget
- Hardanger Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Andre representasjonar 2016
- Administrasjon og personale
- Pensjon og KS-medlemskap
- Rekneskap og revisjon
- IS Fjordvegen Rute 13

#### **Møte og saker i Hardangerrådet**

- Styret
- Representantskapet/Regionrådet
- Kommunestruktur i Hardanger 2013-2019
- Kraftlinemidlane
- Samhandlingsreforma i Hardanger
- Hardingtinget
- Hardanger Ungdomsråd
- Rådmannsforum
- Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger
- Samarbeidsrelasjonar

#### **Nærings- og etablerarteneste**

- Prosjekt i 2016
- Team Hardanger - Ei dør inn
- Etablerarskolen 2016
- [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)
- Regionalt Etablerarfond for Hardanger 2016
- Hardangerkonferansen 2016

#### **Økonomi / rekneskap**

- Rekneskap 2016 med budsjett.
- Revisormelding 2016

#### **Vidare drift**

#### **Diverse.**

- Arbeidsmiljø og personale.
- Likestilling.
- Miljø.

## Innleiing – oppsummering aktivitet.

Styret i Hardangerrådet iks legg med dette fram Årsmelding og Rekneskap for året 2016, som var eit nytt aktivt og resultatorientert år i Hardangerrådet.

Oppgåvene i Hardangerrådet er varierte og spenner vidt. Grunnlaget for aktivitetane i Hardangerrådet iks er Årsmøtevedteken arbeidsplan, og det har vore høg aktivitet i selskapet i meldingsåret.

Me held fast ved dei 3 hovudstolpane å jobba etter:

### 1. Politisk samordning og påverknad.

Samordning kan nemnast: Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss, Nasjonale Turistveger, Stiftinga Høgskule i Hardanger, [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com),

Det er gjeve **uttalar** t.d. i samband med:

- NTP 2018 – 2029 Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune.
- Uttale til rullering av skulebruksplanen 2017 – 2030
- Uttale til Krav om større ferje på permanent basis i sambandet Utne-Kvanndal
- Støtte til initiativ frå Vinje kommune for etablering av base for ambulanshelikopter i vestre del av Telemark.
- Uttale til KVV E134 Gvammen – Vågsli
- Uttale vedrørende endring av strukturen for skattekontor
- Sirkelbuss FV 550 støtteuttale frå Hardangerrådet

2. Kommunalt tenestesamarbeid er organisert etter frivillige to- til fleirsidige avtalar mellom kommunar/herad. Fleire alternative interkommunale samarbeidsprosjekt har vore drøfta i rådmannsforum. Rådmannsforum har i 2016 vore styringsgruppe for prosjektet: Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss.

3. Næringsutvikling/etablerarteneste er ein kombinasjon av Hardangerrådet sitt næringsengasjement og felles etablerararbeid. Hardangerrådet har også i 2016 hatt medansvar for næringsutviklinga i regionen for dei 7 Hardangerkommunane gjennom Team Hardanger som består av næringskontaktane i kommunane samt leiarane for næringsshagane i regionen. Hardangerrådet iks er aktiv initiativtakar og driftsansvarleg for aktivitetar og utviklingsprosjekt for Hardangerregionen.

## Organisasjonen.

### Generelt

Hardangerrådet iks er eit interkommunalt selskap med grunnlag i IKS-lova. Selskapsavtalen inneheld mellom anna:

Føremål: Hovudoppgåva er å styrkja regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Føresetnader: Samarbeidet skal leggja til grunn deltaking frå likeverdige partar og skal vere eit supplement og ei støtte til kommunane si eiga verksemd.

Målsetjingar: \* Utnytta ressursar og styrkja identitet i regionen.

\* Gi uttale til, vera pådrivar overfor og følgja opp fylkes- og sentrale styresmakter.

\* Arbeida for ny aktivitet i regionen.

\* Samordna etableringshjelp og rådgjevingsteneste for næringslivet i regionen.

Organisasjon: Representantskap, Regionråd, Styre og Dagleg leiar er formelle organ medan Hardangerringet og Rådmannsforum er oppretta i selskapsavtalen. Andre samarbeidsfora er Hardanger Ungdomsråd, Team Hardanger, Hardanger Kulturråd og Kompetanseregionen Hardanger/Voss.



## Strategiar:

Hardangerrådet har framleis 5 strategiar som grunnlag for arbeidet i rådsorgan og administrasjon:

- Informasjonsstrategi: (Bli kjent og gjer kjent).
- Samarbeidsstrategi: (Godt for deg, er godt for meg).
- Koordineringsstrategi: (Saman er me sterkare)
- Næringsutviklingsstrategi: (Mange bekkar små, gjer ei stor å.)
- Driftsstrategi: (Positiv og effektiv)

Med utgangspunkt i målsetjingar og strategiar arbeider Hardangerrådet etter godkjent Arbeidsplan for 2015/16 og 2016/17. Denne Årsmeldinga er ein samanfatta status for 2016.

## Styret 2016:

Styreleiar Toralv Mikkelsen, Eidesmoen 4, 5750 Odda  
Nestleiar Astrid Dale Vindal, Øvsthus 12, 5736 Granvin  
Styremedlem John Skogseth, Kysnes, 5626 Kysnesstrand

1. varamedlem for 1 år Astrid Selsvold, Skulevegen 7, 5614 Ålvik
2. varamedlem for 1 år Einar Lutro, 5781 Lofthus

Rådsordførar har møte- og talerett i styremøter.

Dagleg leiar er sekretær for styret.

Rådsordførar:

- For 2016 og 2017 Jon Larsgard, Jondal
- For 2018 og 2019 Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik

Rådsvaraordførar:

- For 2016 og 2017 Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik
- For 2018 og 2019 Jostein Ljones, Kvam

## Regionrådet/Representantskapet 2015 - 2019:

Ordførar er representant med varaordførar som vararepresentant.

	<u>Ordførar:</u>	<u>Varaordførar:</u>
Eidfjord kommune:	Anved Johan Tveit (Sp)	Aslak Læg Reid (H)
Granvin herad:	Ingebjørg Winjum (V)	Hans Jakob Mæland (H)
Jondal kommune:	Jon Larsgard (Sp)	Reidun Haugen Dalseth (KrF)
Kvam herad:	Jostein Ljones (Sp)	Heidi Sandven Botnen (KrF)
Odda kommune:	Roald Aga Haug (A)	Linda Haugland Jondahl ( A)
Ullensvang herad:	Solfrid Borge (SP)	Kåre Grønsnes (Sv)
Ulvik herad:	Hans Petter Thorbjørnsen (Ap)	Jens Olav Holven (Sp)

Jon Larsgard er Rådsordførar i 2016 og 2017. Rådsvaraordførar i 2016 og 2017 er Hans Petter Thorbjørnsen.

## Hardingtinget

Hardingtinget er samansett av formannskapa i dei 7 hardangerkommunane, totalt 49 representantar inklusive ordførarane: Eidfjord, Granvin og Ulvik har 5 representantar kvar, Jondal har 7 representantar og Odda, Kvam og Ullensvang har 9 representantar kvar.

## Hardanger Ungdomsråd 2015/2016:

Katrine Riber Garen,	Eidfjord Ungdomsråd
Vilde Læg Reid,	Ullensvang ungdomsråd - Leiar Hardanger Ungdomsråd
Sigrid Walle,	Odda Ungdomsråd
Alma Thorbjørnsen,	Ulvik Ungdomsråd - nestleiar Hardanger Ungdomsråd
Karoline Kalsaas,	Granvin Ungdomsråd
Ikkje vald representant,	Kvam Ungdomsråd
Ikkje vald representant,	Jondal Ungdomsråd

### Hardanger Ungdomsråd 2016/2017:

Helene HongQin Enge Monsen,	Eidfjord Ungdomsråd
Vilde Lægreid,	Ullensvang Ungdomsråd
Anna Haugland Jondahl,	Odda Ungdomsråd
Vegard Innset,	Ulvik Ungdomsråd
Steffen Slettemark,	Granvin Ungdomsråd
Sjur Mikal Dolve,	Kvam Ungdomsråd
Ikkje vald representant,	Jondal Ungdomsråd

Rådet er ikkje konstituert pr. 1.1.2017

### Rådmannsforum:

Aud Opheim Lygre/Geir Underhaug	Rådmann Eidfjord
Trude Hoflandsdal Letnes	Rådmann Granvin
Joakim Øren/Reidar Meel (konstituert)	Rådmann Ulvik - Nestleiar i 2016/2017
Siv Helle Prestegard	Rådmann Jondal – Leiar 2016/2017
Arild McClellan Steine	Rådmann Kvam
Ole-Jørgen Jondahl	Rådmann Odda
Magnus Steigedal	Rådmann Ullensvang

### Andre representasjonar i 2016:

- Styret i Reisemål Hardangerfjord: Jon Larsgard med Hans Petter Thorbjørnsen som vararepresentant
- Prosjekt "Hardangerkonferansen 2016": Jon Larsgard og Jostein Eitrheim
- Klimaråd for Hordaland: Jon Larsgard og Ingebjørg Winjum
- Kompetanseplan for Hordaland: Jostein Eitrheim
- Regional Planstrategi: Jostein Ljones og Jon Larsgard som varamedlem
- HOG Energi(Omstillingsalliansen): Jostein Eitrheim
- Hardanger Vassregion: Anved Johan Tveit
- Arbeidsgruppe Knud Knudsen-visningssenter: Jostein Eitrheim og Trude Rinaldo
- Styringsgruppe Prosjekt Merkevarer Hardangerfrukt: Jostein Eitrheim
- Styringsgruppe vidareføring av tenester etter BRB: Jon Larsgard

### Administrasjon og personale:

Jostein Eitrheim,	dagleg leiar (100 % stilling)
Trude Lægreid Rinaldo,	konsulent (100 % stilling )
Hanne Sundbø,	profileringsmedarbeidar IS Fjordvegen (50 % stilling)

### Pensjon og KS-medlemskap

Hardangerrådet iks er medlem av KLP – Kommunal Landspensjonskasse  
Hardangerrådet iks er medlem av KS Bedrift.

### Rekneskap og revisjon

Hardanger Økonomiservice AS var i 2016 rekneskapsfører for Regionrådet og prosjekt, der lønskøyning også inngår i avtalen.  
Indre Hordaland Revisjonsdistrikt, IHR er valt som revisor for 2016.

### **I/S Fjordvegen Rute 13**

IS Fjordvegen Rute 13 er eit eige selskap der Gerd Helen Bø er styreleiar. I/S Fjordvegen Rute 13 kjøpte sekretærenester hos Hardangerrådet iks og funksjonen som dagleg leiar og får 180.000 kr for det i 2016. Hanne Sundby er tilsett i Hardangerrådet med funksjon som profileringsmedarbeidar for I/S Fjordvegen Rute 13 i nye 2 år frå 01.10.2015. Omsetnad i 2016 har vore 887 643 kr administrert av dagleg leiar i Hardangerrådet iks. Rekneskap og revisjon går utanfor Hardangerrådet iks.

### **Møte og saker i Hardangerrådet iks**

#### **Styret hadde 4 styremøter i 2016 og handsama 22 saker.**

Styret deltok på Årsmøte, Hardangerringet og Hardangerkonferansen 2016.

Saker i styret:

- Arbeid med budsjett, årsmelding og rekneskap
- Årsmøtesaker etter vedtektene
- Avtala arbeids- og lønsvilkår for dagleg leiar.
- Selskapskontroll og forvaltningsrevisjon etter tinging frå Kontrollutvalet i Odda kommune

#### **Representantskapet/Regionrådet hadde 11 møter i 2016 i tillegg til Årsmøtet 31.3.2016**

Regionrådet, som er ordførarane i Hardangerkommunane handsama 61 saker i tillegg til eit tal orienterings- og drøftingssaker.

Uttalar:

- NTP 2018 – 2029 Høyringsuttale til Hordaland fylkeskommune.
- Uttale til rullering av skulebruksplanen 2017 – 2030
- Uttale Krav om større ferje på permanent basis i sambandet Utne Kvanndal
- Støtte til initiativ frå Vinje kommune for etablering av base for ambulansehelikopter i vestre del av Telemark.
- Uttale til KVU E134 Gvammen – Vågsli
- Uttale vedrørende endring av strukturen for skattekontor
- Sirkelbuss FV 550 støtteuttale frå Hardangerrådet

Nokre andre saker:

- Kommunestrukturarbeidet i Hardanger
- Vidareføring Kunstnarbustaden i Berlin
- Prioritering av Fylkesmannens Skjønsmidlar
- Samhandling mellom regionråd og rådmannsforum
- Arealguiden.no
- Statlege arbeidsplassar i distrikta
- Nærpolitireforma
- Vidareføring av tenester etter Business Region Bergen.

I april 2016 var Regionrådet og Rådmannsforum på besøk til Hordlandsbenken på Stortinget.

### **Kommunestruktur i Hardanger**

Kommunestrukturreforma har teke mykje merksemd og ressursar i Hardanger i 2016. Det vart gjennomført folkerøysting i 6 av Hardangerkommunane. Kvam herad gjennomførte ikkje folkerøysting, men valde å gjennomføra ei innbyggjarundersøking i staden. Resultatet av prosessen er at Jondal, Odda og Ullensvang har gjort vedtak om å slå seg saman frå 01.01.2020 og Granvin herad har gjort vedtak om å slå seg saman med Voss kommune. For Eidfjord, Ulvik og Kvam er det ikkje gjort vedtak om endringar for kommunen/heradet. Dette medfører endringar for Hardangerrådet og førebuingar til det «nye» Hardanger vil starta opp i 2017.

### **Kraftlinemidlane**

Hardangerrådet har gjeve tilsagn om investeringsmidlar frå avsetjinga til Kraftlinemidlar i 2016: Til Det Norske Teateret og Noregs Ungdomslag kr 50.000, Lanseringsstøtte film: Kampen om Fjordane kr 50.000,-, WellGuard kr 75.000, Avkastninga på 33 661,- kr for 2016 er tillagt fondet. Regionrådet sine disponible midlar i Kraftlinjefondet er kr 431.688 pr. 31.12.2016.

### **Samhandlingsreforma i Hardanger**

I 2015 er det interkommunale samarbeidet ført vidare i «Prosjekt Folkehelse og Samhandlingsreforma i Hardanger og Voss 2014-2015». Styringsgruppe er Rådmannsforum, som har godkjent 8 ulike delprosjekt. Det er etablert arbeidsgrupper med deltakarar frå Voss og Hardangerkommunane. Vaksdal deltek i samarbeid omkring Prehospitale tenester, Nødnett og Rehabilitering. Andre område er vidareføring av Nettverk for folkehelse, Nettverk for kommunehelse og samfunnsmedisin, samarbeid om Miljøretta helsevern, Rus og psykisk helse og Sjukeheimsmedisin.

Prosjektet vart avslutta med eit vellukka evalueringsseminar på Hotel Ullensvang 8. september 2016. Sluttrapporten etter evalueringsseminalet er tilgjengeleg på [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)

### **Hardingtinget hadde 1 møte i 2016**

Hardingtinget, som er samansett av formannskapa i dei 7 Hardangerkommunane og hadde samling i Norheimsund torsdag 11.02.2016 kring tema:

Fylkesmannen: Inntektssystem for kommunane  
Fylkesmannen: Forventning til vedtak i kommunane innan 1. juli 2016  
Fylkesmannen: Forenkling i tilskotsordningar i landbruket  
NVE: Flom- og rassikring  
NVE: Klimatilpasning i planarbeid  
NVE: Beredskap

Innlegga frå Hardingtinget er tilgjengeleg på [www.hardanger.com](http://www.hardanger.com)

### **Hardanger Ungdomsråd hadde 5 rådsmøter 2016.**

Hardanger Ungdomsråd ( HU ) hadde 5 rådsmøter i 2016. Leiar i har vore Vilde Læg Reid frå Ullensvang ungdomsråd, nestleiar var Alma Thorbjørnsen, Ulvik ungdomsråd. Tannhelsestruktur vart viktig tema også i 2016. 8.mars var det Fylkesting i Bergen og på denne saka skulle det fattast vedtak. Der stilte HU opp for å visa sitt engasjement for eiga framtid og for Hardangerregionen. Eidfjord var vertskap for ei vellukka Aktivitetshelg i september. Hausten 2016 har viktig tema for lokale ungdomsråd, så også for HU vore på psykisk helse for born og unge i alle kommunar og på alle skular, samt tilgang til helsesøster, også for alle på alle skular. HU har ikkje konstituert seg pr 31.12.2016, dette fordi ikkje alle ungdomsråda i Hardanger er valde/konstituert pr. denne dato.

### **Rådmannsforum hadde 5 møte i 2015 og handsama 29 saker.**

#### **Interkommunalt tenestesamarbeid i Hardanger.**

Rådmannsforum i Hardangerrådet arbeider med framtidige utfordringar for dei kommunale tenestene i ei tid med aukande krav til kompetanse og tenestekvalitet. Med særleg fokus på interkommunale samarbeidsområde. I interkommunalt frivillig samarbeid kan ein få betre profesjonelle tenester til innbyggjarane og regional attraktivitet. Alle kommunane i Hardanger arbeider interkommunalt i ulik grad og på ulike område, frå interkommunale selskap til vertskommuneordningar. Fleire av ordningane er i samarbeid med Voss kommune.

Oppretta område er Barnevern, Brannvern, IKT, Økonomisystem, Innkjøp, Skjenkekontroll, Tilsynsordning skule-barnehage, Vassområde, Miljøfyrtårnordning og Frisklivssentral. I Samhandlingsreforma i Hardanger er det oppretta mellom anna Legevaktordningar og ØH-senger.

I 2016 har det vore gjennomført eit prosjekt vedr. planregister og digitalisering i Hardanger. Dette prosjektet har omfatta kommunane Granvin, Jondal, Odda og Ullensvang. Prosjektet har vore støtta økonomisk av Statens kartverk og Fylkesmannen i Hordaland. Dette prosjektet gjev grunnlag for å vurdera ei vidareutvikling av interkommunalt samarbeid på dette området.

### **Samarbeidsrelasjonar.**

Hardangerrådet vedlikeheld sine relasjonar til samarbeidspartar i Fylkeskommunen, Fylkesmannen, Innovasjon Noreg og KS-regionen. I tillegg har me kontakt med regionråda i Hordaland og i granneregionar til Hardanger. Dette er for gjensidig informasjon og påverknad og kontakten varierer etter kva saker som skal løysast.

Spesielt i 2016 var **Hagefest på Gamlehaugen i samband med Kongeparet sitt 25-års jubileum som Norges kongepar.** Hardanger vart, saman med dei øvrige regionane i fylket invitert av fylkesmannen på vegne av slottet til å delta ved hagefesten for Kongeparet den 26. juni 2016. Hardanger serverte lokalmat til alle gjestene på eigen stand, samt at det vart servert eplesaft frå Hardanger til samtlege gjester ved hagefesten. God Hardangerreklame! Dagleg leiar deltek på dialogmøter mellom Regionråda i Hordaland og Fylkeskommunen. Møta har tema innan informasjonsutveksling og ideutveksling.

### **Nærings- og etablerarteneste**

#### **Prosjekt i 2016**

Hardangerrådet iks er aktiv initiativtakar og driftsansvarleg for utviklingsprosjekt i Hardangerregionen. Døme på prosjekt her med omsetnad i 2016 på alt 4.451.549 kr.:

Prosjekt 75	Merkevare Hardanger	98.368 kr
Prosjekt 106	Hardanger – Berlin	97.287 kr
Prosjekt 112	Hardanger Ungdomsråd	52.407 kr
Prosjekt 114	Team Hardanger/Etablerartenester	300.170 kr
Prosjekt 128	Hardanger.com	136.488 kr
Prosjekt 135	Aktivitetshelg 2016	161.371 kr
Prosjekt 136	Hardangerkonferansen 2016	387.879 kr

#### **Team Hardanger. «Ei dør inn»**

Næringsutvikling, tiltaksarbeid og etablerarteneste har opp gjennom tidene hatt varierende fokus og organisering i Hardanger. Siste 15 åra har Hardangerrådet hatt ansvaret for dette som eit viktig arbeidsfelt. Det kommunale næringsarbeidet er ulikt organisert i Hardanger. Team Hardanger er eit nettverk av Hardanger sine kommunale og regionale nærings-ansvarlege og etablerarretteleiarar, koordinert av Hardangerrådet iks.

I 2016 har Team Hardanger hatt tett fokus på tiltak for næringsetablering og leiarane av begge næringshagane i regionen, Næringshagen i Odda og Næringshagen i Hardanger har vorte faste medlemmer av Team Hardanger.

Alle kommunar/herad i Hardanger har partnerskapsavtale med Hordaland fylkeskommune (samt Innovasjon Norge og Fylkesmannens Landbruksavdeling) om å setja av eigen ressurs hos ein bestemt tilsett til etablerarretteleiing. Dette for å styrkja den kommunale "ei dør inn" funksjonen. Næringsutvikling i kommunane er også del av arbeidet etablerarteneste og næringsutvikling. Hardangerrådet samlar ikkje inn statistikk over kor mange som kontaktar eller få hjelp av dette lokale apparatet. Team Hardanger er godkjent av Rådmannsform som interkommunalt nettverk i Hardanger.

Hardangerrådet har også i 2016 hatt medansvar for næringsutviklinga i regionen for dei 7 Hardangerkommunane gjennom Team Hardanger.

